



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/18518 - 21/57455

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

31.08.2021

Svar på søknad om løyve til å knytte fettutskiljar på kommunalt avløpsnett - Gbnr 323/395 Havnevegen 33

Vi viser til søknad av 26.11.2020 om løyve til å knytte fettutskiljar på kommunalt avløpsnett – GBNR 323/395, samt e-post av 31.08.2021 med revidert kart m/mer.

Adresse: Havnevegen 33 – Gbnr 323/395
Type bygg: Næringsbygg
Type arbeid: Tilknytning av fettutskiljar på kommunalt avløpsnett

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Tiltakshavar og røyrleggar søker om løyve til å få installert ei fettutskiljar med nominell størrelse NS 6 på kommunalt avløpsnett. Ihht til berekningsgrunnlaget skal kjøkkenet ha følgjande utstyr:

- 1 stk oppvaskmaskin
- 1 stk skyllekum Ø 40 mm m/sil
- 1 stk skyllekum Ø 50 mm u/sil
- 1 stk tappekraner DN 20 (3/4")

Vurdering/drøfting:

I søknad vert det søkt om løyve til å knytte ei fettutskiljar med nominell størrelse NS 6 på kommunalt avløp. Anlegget har ei kapasitet til å handtere ei vassmengde på maks 6 liter/ sekund. Berekningsgrunnlaget viser at utstyr vil tilføre anlegget ei vassmengde på 4,95 l/sek. På grunn av anlegget sin plassering inntil bygg, under bakkenivå, har søkar valt eit anlegg NS 6 for å kompensere for plasseringa, samt sikre lenger opphaldstid i anlegg slik at avløpsvatn vert tilstrekkeleg avkjølt.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune har vurdert søknaden og vil gje løyve til å knytte fettutskiljar NS 6 på kommunalt avløpsnett på vilkår.

Vedtak:

Løyve til å knytte fettutskiljar med størrelse **NS 6** på kommunalt avløpsnett vert gitt på følgjande vilkår:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

- **Anlegg er godkjent for følgjande utstyr:**

- 1 stk oppvaskmaskin
- 1 stk skyllekum Ø 40 mm m/sil
- 1 stk skyllekum Ø 50 mm u/sil
- 1 stk tappekraner DN 20 (3/4")

- Før oppstart av arbeid skal det ligge føre godkjent byggeløyve for anlegget. Nødvendige erklæringer/rettigheter skal da ligge føre.
- **Bruk av såpe:** Såpe som nyttast skal være godkjent til bruk for fettutskiljar. Verksemden må gå i dialog med godkjent kjemikalieleverandør for å optimalisere bruken av kjemikalier. Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier kan påvirke anlegget sin reinsefunksjon.
- **Tømmefrekvens:** Anlegget sin tømmefrekvens er, i forskrift, satt til **3-12 gonger per år**. Minste krav til tømning er minimum 3 gonger per år. Ei tømmefrekvens på 3 gonger per år føreset at fettinnhaldet, før tømning av anlegg, er under 15 % av anlegget sitt våt volum. For ei NS 6 vil fettlaget, ihht produsent, utgjere ei tykkelse på maks 13 cm når anlegget er heilt fullt. Anlegg må tømmes før fettlaget utgjere 13 cm. Ved tømning skal fettlaget ha ei maks tykkelse på 12 cm.

Vesøy Utvikling, Astri Horghagen Tvedt skal, gjennom tømmerrapporter, dokumentere mengde fett i anlegg før tømning av dette. Viser rapporten at fettinnhaldet utgjere 15 % av anlegget sitt våt volum, eller at fettlaget har ei tykkelse på 13 cm, skal tømmefrekvens aukast. Kommunen skal ha melding om dette.

- Tømmeroperatør skal ha tilgang til kaldt vatn for å fylle opp anlegg etter tømning. NB! Anlegg skal fyllast heilt opp.
- **Logging av temperatur:** Det skal utførast minst **2 stk temperaturlogger per år**. Logging skal utførast **før tømning** av anlegg og **når anlegg er i full drift**.

Temperatur i anlegg skal ikkje overstige 30°C. Er temperatur i anlegg over 30°C, skal dette meldes inn til kommunen. Optimal temperatur i anlegget vil ligge rundt 20°C. Reisefunksjonen til anlegget vil avta med aukande temperatur. Ved 30°C vil anlegge ikkje ha noe funksjon. Vi gjer merksam på at dersom temperatur i anlegg er for høg, kan Alver kommune krevje at anlegg vert bytta ut.

- **Frityrolje/fett:** Frityrolje/fett skal ikkje førast på fettutskiljaren. Dette skal samlast opp i emballasje egna for dette og leverast til godkjent mottak.
- **Vedlikehald av anlegg:** Minst ein gong i året skal anlegg tømmast fullstendig og reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt avløpsnett, men skal sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldast og kontrollrast (gjeld og tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler).
- **Tømmeavtale:** Det skal ligge føre skriftleg avtale mellom Vesøy Utvikling, Astri Horghagen Tvedt og godkjent tømmeoperatør. Avtalen skal omfatte **minst 3 tømninger** og **minst 2 temperaturlogger per år**. Avtalen skal være signert av begge parter. Kommunen skal ha kopi av avtale før anlegg vert teke i bruk. Avtalen skal leggest ved ferdigmelding for anlegg.

- **Internt tilsyn:** Anleggseigar skal ha jamleg tilsyn med anlegg for å unngå drifts-problem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal også sørge for at anna avfall ikkje vert ført på utskiljaranlegget (slam, matrester, plasthansker etc). Eigar av anlegg skal føre journal for å dokumentere dette.
- **Driftsjournal:** Tømmeroperatør skal føre driftsjournal for anlegg. Driftsjournalen skal ligge hos kunden. I journalen skal det førast inn når anlegg vart tømt, mende fett som er tømt (oppgitt som % av våt volum), tidsrom for logging av temperatur og driftsttans i samband med vedlikehald. Driftsjournalen skal være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll.
- **Årsrapport:** Det skal sendast inn årsrapport for anlegg. Årsrapport skal innehalde tømmerapportar, temperaturlogger, kopi av driftsjournal og interkontroll journal. Frist for innsending av rapport er 1. februar påfølgjande år.
- **Ferdigmelding:** Når arbeid er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdaterte teikningar og situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplan skal vise rørføring frå bygg til fettutskiljar og frå fettutskiljar til tilknytingspunkt offentleg leidningsnett. Signert tømmeavtale skal leggjast ved ferdigmeldinga.

Heimel

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp - Tekniske og Administrative bestemmelsen» og forskrift om påslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn Alver kommune at samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt avløpsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut i frå avløpsvatnet før dette vert ført ut på kommunen sitt avløpsnett.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane om offentleg forvaltning (flv). Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket være nytta fullt ut, jf. fvl § 27 b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Astrid Horghagen Tvedt

Gangstøvegen 5911
32

ALVERSUND

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ